



Tide Eiendom Hordaland AS
Postboks 6300
5893 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/976 - 19/9776

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2019

Etterlyser årsrapport oljeutskiljar - GBNR 234/69 Eidavegen 530, Ostereidet

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport oljeutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport til kommunen var 01.02.2019 (*jf. vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt leidningsnett*).

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har **Tide Eiendom Hordaland AS** hovudansvar for at det vert sendt inn årsrapport for anlegg ved Eidavegen 530 (gbnr 234/69). Årsrapporten skal dokumentere at anlegg er tømt og vedlikehalde iht kommunen sine krav for å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett, samt at anlegg stettar krav til utslepp (forureiningsforskrifta § 15-7).

Vi ber om at årsrapport for driftsår 2018 vert sendt inn snarast.

Lindås kommune skal føre kontroll med anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn på kommunalt avløpsnett. Det viktig at kommunen har kontroll over anlegg slik at ein unngår at olje vert ført ut på avløpsnettet og til pumpestasjon/reinseanlegg og påfører dette skader. Olje i avløpsnett påfører kommunen store drifts- og vedlikehaldskostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekke inn gjennom kommunale gebyr eller ved å fakturere den som er ansvarleg for utslepp.

Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglande årsrapportering ser vi behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikehaldsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Eidavegen 530). Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Tide Eiendom Hordaland AS

Postboks 6300

5893

BERGEN